



Henriette Johanne Meyer  
Starefossbakken 13 C  
5019 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/10031 - 22/10691

Saksbehandlar:  
Josep Gayrbekov  
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:  
17.02.2022

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 238/26 Eknes indre

Tiltak: dispensasjon for oppføring av bod  
Byggjestad: Gbnr: 238/26  
Tiltakshavar: Henriette Johanne Meyer  
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 30.11.2021.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Naboar skal varslast i samsvar med pbl. § 21-3 jf. § 19-1.
2. Det bes om eit nytt situasjonskart med orientering (møneretning), målsetting, avstand til nabogrenser og andre bygg.
3. Det bes om teikning av tiltaket sin fasade som angir byggets møne- og gesimshøgde, samt høgdeplassing.
4. Vi kan ikkje sjå at søknaden om dispensasjon, særleg knytt til LNF, er grunngitt jf. pbl. § 19-1. Omsyna det søkjast dispensasjon frå skal ikkje bli vesentleg tilsidesett, og fordelane med å gi dispensasjon skal være klart større enn ulempene jf. pbl. § 19-2 (2) For meir informasjon om korleis ein søker dispensasjon sjå vedlagte rettleiing.

Kommunen ber om at tilleggsmålingar vert sendt inn samla innan **31. mars 2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Josep Gayrbekov  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

NKF rettleiar søknad om dispensasjon

**Mottakarar:**

Henriette Johanne Meyer

Starefossbakken 13 C

5019

BERGEN